



31/10

KULTURAVDELINGA
Fylkeskultursjefen

Kommunane i Møre og Romsdal
v/ Kulturkontora

MIDSUND KOMMUNE	
30.10.2000	
Saksnr.	15/2000
J.nr.	4776/2000
Arkivnr.	Perm

Dykkar ref.:

Vår ref.:
00/VJO

Molde, 25.10.2000

LEDSAGER- / FØLGJEKORTORDNING KNYTTA TIL KULTURAKTIVITETAR OG KOLLEKTIVTRANSPORT. TILSLUTNING FRÅ KOMMUNANE OG FYLKESKOMMUNEN.

Bakgrunn for brevet

25/26 kommunar i Møre og Romsdal har i dag ei ledsager- / følgjekortordning for funksjonshemma knytt til deltaking ved kulturarrangement. Ordningane fungerer slik at kommunen skriv ut ledsagerbevis / følgjekort til personar som etter søknad oppfyller vilkåra. Ledsager /følge slepp då å betale billett på kulturarrangement der arrangøren aksepterer ledsagerbevis / følgjekort.

Ålesund kommune var først ute med ei slik ordning, og har vore utgangspunkt for dei fleste andre kommunane i fylket. Ledsager- / følgjekort ordninga omfattar no om lag 800 personar i fylket.

Det har vore eit ønskje om å få utvida ordninga til også å gjelde kollektivtransport. Møre og Romsdal fylkeskommune v/ kulturavdelinga har såleis bedt samferdselssjefen om å arbeide med dette. Grovt rekna er det om lag 1500 personar i fylket som er kvalifisert til ordninga om den blir innført i alle kommunane.

Flere instansar har engasjert seg i ledsager- / følgjekort ordninga, på statleg hald kan vi nemne:

- Det statlege rådet for funksjonshemma har utarbeidd moglege retningslinjer for ordninga. Rådet har ein rådgjevarfunksjon for Sosial- og helsedepartementet.
- Samferdselsdepartementet har i statsbudsjettet (St. prp nr. 1, 1999-2000, s. 80-81) gått inn for å innføre ei ordning med gratis ledsager / følge for funksjonshemma på riksvegsferjene frå år 2000.
- NSB godtar ordninga med visse modifikasjonar. Brukar betalar 50 % og ledsager / følge betalar 50 % av ordinær billettpris.
- Norges Idrettsforbund har godteke ordninga, og alle lag og organisasjonar som er medlem må gjere det same.

Fylkeskommunale vedtak om ledsagerordning

Kulturutvalet i Møre og Romsdal vedtok i møte 7. mars 2000 (sak Ku 22/00):

"I tråd med nasjonale mål, Rådet for funksjonshemma sine retningslinjer og samferdselsutvalget sitt vedtak i sak Sa - 106/99, ber kulturutvalet kultursjefen i samarbeid med samferdselssjefen arbeide med å etablere ei felles ledsagerordning for funksjonshemma i Møre og Romsdal".

Samferdselsutvalget i Møre og Romsdal vedtok i møte 20. desember 1999 (sak Sa- 105/99 A og Sa- 106/99 A) og innføre ledsager- / følgeordninga på fylkesvegferjer og hurtigbåtruter som MRF driv. Som grunnlag for vedtaket er lagt til grunn tilrådingane i retningslinjene frå Rådet for funksjonshemma. Riksvegsferjene er underlagt staten v/ vegsjefen i Møre og Romsdal, men Samferdselsdepartementet har gått inn for ledsagerordning på riksvegsferjene.



Vi har ikkje fått tilslutning frå busselskapa til reiser med rutebilar, men spørsmålet vil bli tatt opp igjen.

Etablering av felles ledsager- / følgjeordning for fylkeskommunen og kommunane - behov for standardisert ledsagerbevis / følgjekort?

- ./.
- For at den enkelte bruker skal kunne nytte ledsagerbeviset / følgjekortet på kulturarrangement i alle kommunane i fylket er det behov for eit einsarta bevis / kort. Dette gjer at alle arrangørane kan kjenne igjen kortet utan problem. På vedlagde liste er ei førebels oversikt over dei arrangørar og arrangement som godtek ledsagerbevis i Møre og Romsdal, og dei kommunane som er med på ordninga.

Utvidinga av eksisterande ledsager- / følgjeordning til også å gjelde transport er no i startgropa, og eksisterande ledsagerbevis / følgjekort er føresett å kunne nyttast. Møre og Romsdal fylkesbåtar AS har signalisert ønskje om einsarta utforming av ledsagerbeviset / følgjekortet.

Med dette brevet vil vi oppfordre alle kommunane til å knytte seg til ordninga. Målet er at flest mogleg av innbygarane i Møre og Romsdal får samme høve til å nytte kulturtilbodet og transport her i fylket.

Administrering av ledsager- / følgjekortordninga


- Dei brukarane som allereie har ledsagerbevis / følgjekort fortset å nytte dette til det er tid for fornying.
 - Alle nye brukarar må søkje på fastsett søknadsskjema om dette i si bustadskommune.
 - Kommunane bestiller eit tal ledsagerbevis / følgjekort hos kulturavdelinga i fylkeskommunen, som trykker opp dette.
 - Den enkelte kommune limmer på bilde, signerer, laminerer og utsteder beviset / kortet.
 - Kommunane fordeler merke (bestiller hos fylkeskommunen) til dei arrangement / arrangørar som aksepterer ordninga.
 - Alle dei arrangørar som mottar stønad frå kommunane eller fylkeskommunen må få dette med krav om å akseptere ledsager- / følgjeordninga.
- ./.
- Vedlegg: Førebels retningslinjer gjeldande frå 01.01.2001, og søknadsskjema.


Vår målsetting er at alle kommunane i Møre og Romsdal har innført ordninga innan 01.07.2001.

Med bakgrunn i dette brevet oppmodar vi alle kommunane å slutte seg til ordninga slik at den kan gjerast gjeldande som felles ordninga, frå 01.01.2001. På den måten vil Møre og Romsdal bli det første fylket i landet med samla ordning.

Om spørsmål ta kontakt med Vegar Johnsen (idrettskonsulent) 71 25 88 47.

Med helsing


Arvid Blindheim
fylkeskultursjef


Vegar Johnsen



Følgjekort for funksjonshemma førebels retningslinjer for Møre og Romsdal Gjeldande frå 01.01.2001

1. Formål

Ordninga skal være eit verkemiddel for å førebyggje isolasjon og med dette bidra til økt livskvalitet for den funksjonshemma. Ordninga med følgjekort omfattar personar med funksjonshemming som normalt varer minst 2-3 år.

2. Funksjonshemming

Med funksjonshemming forstås eit misforhold mellom individet sine føresetnader og miljøet og samfunnet sitt krav til funksjon på områder som er vesentlege for etablering og oppretthalding av sjølvstende og sosial tilvære.

3. Følgje

Følgje er den som til ein kvar tid støtter den funksjonshemma for at denne skal kunne oppnå formålet med ordninga. Den funksjonshemma skal sjølv kunne velje følgje.

4. Følgjekort

Eit følgjekort er eit personleg dokument i form av eit kort som blir laga til den funksjonshemma. Følgjekortet skal gje den funksjonshemma sitt følgje fri tilgjenge til kultur- og fritidsarrangement samt offentlege transportmidlar som den funksjonshemma ikkje ville kunne delta i/nyttiggjere seg utan stønad. Følgjekortet gis ut gratis, nedre aldersgrense er normalt 6 år.

5. Søknad

Den funksjonshemma søker bustadkommunen på fastsett skjema om tilståing av følgjekort. For at søknaden skal vurderast skal det være vedlagt passfoto. I tillegg skal det ved behov leggjast ved uttale frå anten primærlege, PP-tenesta eller kommunen sin helse- og sosial etat om den funksjonshemma sitt behov for følgje.

6. Lengde på perioden

Fornyng/vurdering av kortet gjerast kvart 2.-3. år, gyldigheitsdato går fram av kortet. I spesielle høve kan kommunane gi ut følgjekort for kortare periodar.

7. Gyldigheit

Følgjekortet gjeld for tilgjenge til dei aktivitetar, bygningar, transportmidlar, m.v. som aksepterer ordninga, og/eller kor det offentleg fastsette symbolet for følgje er sett opp.

8. Klage

Vedtaket om å innvilge eller avslå søknad om følgjekort blir å sjå på som eit enkeltvedtak. Dette vedtaket kan i med bakgrunn i Forvaltningslova sin §28,2. ledd påklagast til det kommunale klageorgan.